

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2020

Trym Aafløy (FNB) stilte spørsmål kring eiga habilitet då han er styremedlem i Skyttel AS. Aafløy trådte frå då fylkestinget vurderte spørsmålet. Fylkestinget vedtok samrøystes at Aafløy var inhabil, jf. fvl. § 6 (1) bokstav e nr. 2. Aafløy deltok ikkje i saksbehandlinga.

Avrøyting

Det var 64 medlemer til stades.
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Skyttel AS ber fylkestinget **Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at eigarane syter for å:**

1. Vurderer korleis ein kan legge til rette for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eventuelle eigarmøte.
2. Etablerer ein felles eigarstrategi for Skyttel AS.
3. Etablerer ein rutine for jamlege eigarmøte.
4. Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Skyttel AS ber fylkestinget **eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be styret** syta for at selskapet:

1. Utarbeider ein strategi for selskapet.
2. Held fram med forbettingsarbeidet knytt til systematisering og skriftleggjering av styrearbeidet
3. Utarbeider rutinar for å dokumentere godkjenning av bierverv.
4. Etablerer ei føremålstenleg eigarrapportering.
5. Sikrar etterleving av personopplysningsregelverket, inkludert:
 - a) Vurderer formalisering av vurderingane som ligg bak forståinga av at Skyttel i hovudsak er databehandlar av personopplysingar på vegner av andre.
 - b) Utarbeider og inngår databehandlaravtalar med alle selskapet sine databehandlarar.
 - c) Treff tiltak for at det blir inngått databehandlaravtale med alle oppdragsgjevarane Skyttel behandlar personopplysningar på vegner av.
 - d) Held protokollen over behandlingar av personopplysningar á jour og komplett.
 - e) Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderinger for behandling av personopplysningar.
 - f) Treff tiltak for å sikre at overføring av personopplysningar frå EØS blir gjort i samsvar med krava i regelverket.
6. Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:
 - a) Sikrar at kvalitetssystemet blir implementert i organisasjonen.
 - b) Tydeleggjer og formaliserer kven som har kva ansvar og rolle på økonomiområdet, t.d. gjennom å etablere ein fullmaktsstruktur og å oppdatere relevante stillingsskildringar.
 - c) Utarbeider retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette.

7. Sikrar at rutinar og praksis for innkjøp er tilstrekkeleg utfyllande og effektive, inkludert:
 - a) At innkjøpsrutinen femner om relevante innkjøpsfaglege prosessar.
 - b) Sikrar at innkjøp blir konkurranseekspertonert i samsvar med føringar frå styret.
 - c) Sikrar at innkjøp blir tilstrekkeleg dokumenterte for å sikre etterprovbarheit
 - d) Vurderer tiltak for å tydeleggjere kva innkjøpsfagleg rolle den innkjøpsansvarlege skal ha.
8. Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.